



MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Dato: 21.04.2019
Vår ref.: 2018/16823-2
Saksbehandlar: sigwols
Dykkar ref.:

Kulturminnefagleg fråsegn - søknad om bygging av landbruksveg og oppstillingsplass - Solhaugvegen gnr. 18 bnr. 12 Øvre Sagstad i Meland kommune

Me viser til brev datert 22.11.2018 samt vårt varsel om kulturhistorisk synfaring datert 06.12.18. Saka gjeld bygging av landbruksveg på ca. 145 m i vegklasse 4 og oppstillingsplass/lunneplace/snuplass på Øvre Sagstad i Meland kommune. Eit av formålet til tiltaket er å betre vegtilkomsten. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Det er no gjennomført ei kulturhistorisk synfaring i det aktuelle området. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne og potensialet for nye funn vart vurdert til å vera lågt. Me finn det ikkje naudsynt å gjera ytterlegare undersøkingar i området.

Hordaland fylkeskommune har ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeidning landbruksveg og snuplass søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer me merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekker med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

